

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 1

Påska 2026

58 . årgang

God påske!





DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJEKONTORET

Postadr.: Etnedal kyrkjelege fellestråd,
Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal
Besøksadr.: Kyrkjevegen 22, 2890 Etnedal
Tlf.: 61 12 13 00
E-post: post.etnedal@kyrkja.no

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
Marie Bjørnødegård
Tlf. 61 12 13 20/955 28 013
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Tysdag, onsdag,
torsdag og fredag 09 - 15



ORGANIST
Sergio Okstad
Tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



SOKNEPREST
Solgunn Vårlid Stensæter
Tlf. 948 65 195
E-post: ss223@kyrkja.no



KYRKJETENAR
Frank Byfuglien
Tlf. 906 54 733



KONTORSEKRETÆR
Laila Sveen
Tlf. : 611 21 320/ 955 28 013
E-post: ls456@kyrkja.no
Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09-15

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Åge Kleven, leiar
Tlf.: 957 97 299
E-post: aagekleven@gmail.com



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Turid Hagaseth Byfuglien, leiar
Tlf.: 995 18 337
E-post: byfugtur@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESTRÅD**
Thor Olav Hjelleset, leiar
Tlf.: 950 43 969
E-post: hjelleset@gmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen,
Wenche Hillestad Møller, Solfrid Skogstad
og Syver Øistuen

Ekspedisjon:
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:
Kr. 250,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 350,-
Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla



Bibelordet

På kveldstid oppstodedagen, då læresveinane sat bak låste dører. «Då kom Jesus, han stod midt imellom dei og sa: Fred vere med dykk! Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren.»

Johannes 20, 19-20

Soknemøte for Bruflat og Nord-Etnedal sokn

Det blir felles soknemøte (årsmøte) for Bruflat og Nord-Etnedal sokn i Bruflat kyrkje søndag 3. mai. Gudstenesta startar kl. 11.00, og soknemøtet blir halde etter gudstjenesta.

På soknemøtet vil det mellom anna bli lagt fram årsmelding og rekneskap, og det blir orientert om arbeidet i sokna. Det blir også høve til spørsmål og samtale om kyrkje-lydsarbeidet vidare.

Alle som høyrer til sokna er velkomne til å delta.

Det blir servering av kyrkjekaffe.

Bruflat sokn er vertskap for soknemøtet i 2026, medan Nord-Etnedal sokn vil vere vertskap i 2027.



Gudstenester påska 2026

Palmesøndag 29. mars
Klubbhuset, Mosletta kl. 11. 00

Onsdag 1. april
Etnedalsheimen kl. 17
Nattverd gudsteneste

Skjærtorsdag, 2. april
Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd
Kl. 18.00 Bruflat kyrkje. Nattverd

Langfredag, 3. april kl. 11.00
Etnebu, Røde-kors-hytta på Lenningen


Påskedag, 5. april kl. 11.00
Bruflat kyrkje
Høgtidsgudsteneste med nattverd

Forside, foto: Marit prest
Altartavla i Seegård kirke, Snertingdal.
Håkon Blekens mektige kunstverk:
Oppstandelsen
Bakside, foto: Anne Flugstad Øistuen



Påske-egg frå Ukraina

Håp i en dråpe vann



Kirkens nødhjelp – Fasteaksjon, 22.-24. mars
Konfirmantane våre skal ut med innsamlingsbøsser til inntekt for Kirkens nødhjelp sin årlege fasteaksjon søndag, måndag eller tysdag.

Dei er åtte, og vil rekke over relativt mange husstandar i Etnedal, men det er for mykje å forvente at dei kan rekke alle.

Langfredagsmøte

Bruflat menighetshus 3. april kl 18.00.
Påskebodskapen i sentrum.
Servering
Alle er hjarteleg velkomne!



Foto: Marit prest

Leige Bruflat menighetshus?

Ring Anne Marit Stensæter, tlf. 4104 74 17

Om du likevel vil støtte aksjonen, kan du vippe til Kirkens nødhjelp. (2426)

Ta godt imot bøsseberarane!

Fasteaksjonskveld på Bruflat menighetshus

Tysdag 24. mars 2026 kl. 18.00

Info om Kirkens nødhjelp ved Mona Bøe
Organist Sergio Bykov, prestevikar Bjørn Magnus Hanserud og konfirmantane deltek.
Servering – utlodning til inntekt for fasteaksjonen
Diakoniutvalet er arrangør
Les meir om fasteaksjonen s. 10

KYRKJEVARDEN

Kjære alle som les Kyrkjevarden!

Takk for pengestøtte gjennom betaling av bladpengar og gåver til bladet vårt!
Rundt 620 ex. Blir lagt ut i postkassene her i bygda, og ca. 160 utanom dalen får Kyrkjevarden tilsendt.
Vil du gi eit bidrag i år?

Bladpengar innanbygds kr. 250, utanbygds kr. 350
Bankgironr. er 2140 07 03822
Alle beløp blir takne imot med stor takk!

Helsing
Kyrkjevarden
Marit prest
Redaktør

Ja, eg trur på korsets gåte!

Påskeevangeliet er fantastisk. Det er utgangspunkt for verdas største rørsele av håp. Det er ei forteljing som gjev menneske tru på livet og kjærleiken – trass alt.

«Det leitar mange etter no, anten dei sver til Gud eller ikkje», skreiv Aftenpostens kommentator Nazneen Khan-Østrem i ein kronikk rett før påske i fjor. Der minna ho om påska sitt grenselaust store bodskap i møte med livets og verdas bølgedalar, og la til: «Jesus døydde trass alt ikkje på krossen for at nordmenn skal ha påskeferie.»

«Eg er redd for å bli redd», seier Peder (15) i NRK-dokumentaren «Team Pølsa». Det er fleire enn meg som vart imponert og rørt av dei seks ungdommane og trenaren deira, Øystein «Pølsa» Pettersen. Seks ungdommar med ulike diagnosar og funksjonsnedsetjingar som skal gjennomføre eit skirenn under ski-VM i Trondheim. Etter første episode byrja eg berre å gråte. Eg vart overvelda av det som skylte over meg der eg sat i godstolen.

Dei lever med diagnosar som ikkje let seg lækja, og døden så tett på kroppen. Og dei er jo berre born. Og

sjølv om dei skulle klare å koma i mål i skirennet, blir dei jo ikkje lækja. Men Peder er sterk og uthaldande, med kjenslene utanpå kroppen og med eit stort hjarte for alle. Og det er dei menneskelege eigenskapane som rører meg mest. Mot, audmjukskap, men òg sinne. Korleis dei er med kvarandre, som lag.

Og då den beskjedne og stillfarne Sunniva (14) – laget si trygge hamn og kaptein – held i stavane saman med Syver (13), han som inspirerer og tek utfordringar på strak arm og ser løysingar trass barnedemens og at han ikkje lenger ser – og saman køyrer ned den brattaste bakken i Granåsen på isføre og med død-sangsten i spora i siste episode – då minner det meg samtidig om håpet i den tomme grava.


For kva er håp? Og kva slags framtid kan vi håpe på? Helt sentralt i påska og i den kristne trua er håpet. Håp for oss sjølve og for verda – basert på trua om oppstoda. For det kristne håpet er noko anna enn optimisme og tru på framsteg og framgang. Håpet som vekkast ved den tomme grava er noko anna, forankra både i Guds skaparvilje og Gudsrikets løfte.

Håpet handlar om kva slags makt som er sterkast, og kva slags Gud vi eigentleg prøver å setje vår lit til. Det er eit håp som er uløyselig forankra både i krossen OG den tomme grava. Det er forankra i Jesus sjølv. Han som gjer at også vi kan halde fast ved håpet om Guds nærvær i lidinga, om oppreising på botnen av tilværet og om kjærleiken som er sterkare enn døden.

Håpet om æva er kanskje ikkje det vi er mest opptekne av i vår tid, men håpet som ligg i den tomme grava handlar i sitt djupaste om det evige. Det handlar ikkje berre om håpet om betre tider, men om sigeren over døden og dødskreftene, og at Gud ein gong skal gjere alle ting nye.

Det er kraft i dette, sjølv om vi veit at vi alle skal døy ein gong. Det gjev kraft til håpet og ei framtid i livet og kjærleiken si retning – uansett. Vi er ein del av ei håpsrørsele.

God påske!
Ole Kristian Bonden
Biskop



Bruflat menighetshus - våren 2026

Mars

Torsdag 5.	19.00	Bibellesekveld
Onsdag 11.	18.30	Bønnemøte
Torsdag 12.	18.30	Betel
Torsdag 19.	19.00	Møte med Inger og Harald Strangstad
Onsdag 25.	18.30	Bønnemøte
Torsdag 26.	19.00	Bibellesekveld

April

Fredag 3.	18.00	Langfredagsmøte
Onsdag 8.	18.30	Bønnemøte
Torsdag 9.	19.00	Bibellesekveld
Torsdag 16.	19.00	Bibellesekveld
Lørdag 18.	19.00	Møter med Hans Bergane fra Sarepta
Søndag 19.	11.00	
Onsdag 22.	18.30	Bønnemøte
Torsdag 23.	18.30	Betel
Torsdag 30.	19.00	Bibellesekveld

Mai

Onsdag 6.	18.30	Bønnemøte
Onsdag 20.	18.30	Bønnemøte
Torsdag 21.	18.30	Betel

Juni

Onsdag 3.	18.30	Bønnemøte
Torsdag 11.	18.30	Betel
Fredag 12.	19.00	Møtehelg med Torstein Landås fra Sarepta
Lørdag 13.	19.00	
Søndag 14.	11.00	
Onsdag 17.	18.30	Bønnemøte

Kvifor feirar vi påske?

Invitasjon til ei stille påskevandring med evangelistane

Matteus og Johannes



Altartavla i Bruflat kyrkje

Foto: Laila Sveen

Dei siste orda Jesus seier før han dør på krossen, er ifylgje evangelisten Johannes: «**Det er fullført**» **Kva var fullført? Livet?** Det såg unekteleg slik ut. Jesus var død, men påskedag skjer det ufattelege, Jesus står opp frå grava si. Les Joh. 19, 28-30

«Han er ikkje her, han er oppstanden»,
sa engelen til kvinnene, som kom til grava
for å salve Jesu kropp.
Graven er tom. Det er fullført!

Ca. 33 år levde Jesus her på jorda. Dei fire evangelia i Det nye testamentet, fortel den heilage livshistoria hans. Frå fødselen i Betlehem, ei einskilt forteljing om

Jesus i 12-års alderen, resten handlar om dei tre siste åra. Forunderleg lesing alt saman. Visdomsorda, undergjeringane, men også om kvardagsliv og integritet.

Den siste veka, som også blir kalla «den stille veka», er med ulik vektlegging, dekkja av alle fire evangelistane.

I likheit med mange, mange andre er Jesus og læresveinane komne til Jerusalem for å feire påske i tempelbyen. (Jødisk påske til minne om frigjeringa frå slaveriet i Egypt)

Matt. 21, 1-10

PALMESØNDAG rir Jesus inn i Jerusalem på ein ung eselfole.

Folket legg palmegreiner og klede på vegen, og hyller han som konge.

«Sjå kongen din kjem til deg, rettferdig og rik på siger,
Fattig er han og rid på eit esel, på ein eselfole»
Sakarja 10, 9

Fattig og audmjuk var Jesus, utan ambisjonar om jordisk makt. *Den himmelske kjærleiken* til mennesket var utgangspunktet for Jesu gjerning.

Dei neste dagane er Jesus i byen. Han talar og samtalar med folk, også med dei eldste og skriftlærde. (Israel var på Jesu tid eit teokrati, eit prestestyre, med øvstepresten som leiar)

Jesus veltar óg handelsbodane på tempelplassen, og seier rett ut at dei har gjort Herrens tempel til ei røvarhole, det som skulle vere eit bønhus.

Jesus provoserar dei mektige. Dei held møter i det høge råd (synedriet = regjeringen) og legg til slutt konkrete planar om å arrestere Jesus og få han stilt for retten. (Israel var under romersk okkupasjon, og kunne ikkje sjølv avseie dommar.

Jesus et torsdag kveld, SKJÆRTORS DAG,
påskemåltidet, saman med læresveinane sine.

JØDISK PÅSKEFEIRING, 2. Mos. 12, 1ff

Jesus fylgjer den jødiske skikken, liturgien, med lesingar, syng frå Salmenes bok i det gamle testamente

(Salme 113-118) og drikk fire beger med vin, for livet, frelsen, velsigninga og håpet.

Midt under måltidet innstifta Jesus nattverden. Han tok brød og vin frå bordet, ga dei og sa: Dette er min kropp og mitt blod, - til liv, frelse, velsigning og håp. Eit nytt måltid. Difor dekkjer vi den dag i dag nattverdbordet, til minne om Jesu offerdød på krossen.

Frå Herrens tenar-sangane i Jesaja 53, 5:

«Men han vart såra for våre brot,
knust for våre synder.
Straffa låg på han, vi fekk fred,
ved hans sår vart vi lækte.»

Matt. 26, 17-29

Så gjekk Jesus den tunge vegen over Kedronbekken og inn i Getsemane-hagen.

Han bad læresveinane vake med seg, medan han kjempa sitt livs kamp, men dei somna, alle.

Jesus vart grepen av sorg og angst, og ba om å få sleppe, men då timen var komen, gjekk han den tunge vegen vidare mot kross og grav

Matt. 26, 36-46

Då kom Judas, ein av læresveinane, forræderen. Han viste tempelvakten kven Jesus var, og Jesus vart arrestert.

Ei lang natt tek til. Jesus blir ført til øvsteprestens hus, Joh. 18,12,

Peter fornektar, Joh. 18, 15

Jesus blir avhøyr, og Rådet kjem fram til at Jesus er skuldig til døden. Dei meiner han har spotta Gud.

Jesus blir ført til den romerske residensen i Antoniaborgen, der landshovdingen Pontius Pilatus til slutt dømmer Jesus til døden, endå han veit at Jesus er uskuldig. Joh. 18, 28-40

Så tok dei Jesus med seg. Han bar sjølv krossen sin og vart ført ut til den staden dei kalte Golgata. (Hovudskallestaden) Der krossfeste dei han, mellom to røvarar. Den eine spotta, den andre iretterrette spottaren og sa: Vi får som fortent, han i midten er uskuldig. Og han heldt fram: Tenk på meg, Jesus, når du kjem i ditt rike.

Sanneleg, i dag skal du vere med meg i paradiset.

Jesus ba for sine bødlar, synta omsorg for sin mor, og



Frå Gordons Golgata
Tom grav i klippen Foto: Privat

dei som sto i nærleiken av krossen, hørde ein av dei romerske offiserane seie:
«Sanneleg, han var Guds Son»

Les gjerne Matt. 27, 31b-55

Før sabatten tok til, fredag kl. 18 fredag, vart Jesu kropp gravlagt i ei klippegrav Josef fra Arimatea åtte. Nikodemus, (rådsherren som kom til Jesus om natta) hjalp til.

Joh. 20, 1-18

På tredje dagen sto Jesus opp frå dei døde. Kvinnene fann grava tom.

Frelsesverket var fullført!

«Han er oppstanden, halleluja!
Lov han og pris han, halleluja.
Jesus, vår frelser lenkene brøt, han har beseiret mørke og død.

*Lov han og pris han, vår frelser og venn!
Han som gir synderen livet igjen!
Halleluja, vi skyldfrie er,
Halleluja, vår frelser er her.*

T: Bernard Kyamanywa
Melodi frå Tanzania

Marit prest

MI SALME

Salmen jeg har valgt, står i bibelens salmebok. Det er en salme av David.

Min farmor leste den med jevne mellomrom både til oss barna og til seg selv.

Jeg utfordrer Gro Jensen til å velge salme til neste Kyrkjevarde.

Veronica Skogstad



Salme 23 En salme av David

*Herren er min hyrde,
jeg mangler ikke noe.*

*2 Han lar meg ligge i grønne enger,
han leder meg til vann der jeg finner
hvile.*

*3 Han gir meg nytt liv.
Han fører meg på rettferdighets stier
for sitt navns skyld.*

*4 Om jeg enn skulle vandre
i dødsskyggenes dal,
frykter jeg ikke noe ondt.
For du er med meg.
Din kjepp og din stav,
de trøster meg.*

*5 Du dekker bord for meg
like foran mine fiender.
Du salver mitt hode med olje.
Mitt beger renner over.*

*6 Bare godhet og miskunn
skal følge meg alle mine dager,
og jeg skal bo i Herrens hus
gjennom alle tider.*

ØNSKEDIKTET

Jeg har valgt dette diktet, som jeg synes er så betegnende for naturen og oss mennesker.

Til neste Kyrkjevarde utfordrer jeg Oddbjørg Løvlie Hagaseth til å finne et dikt

Hilsen Anne Marie Solbrekken



Du ska itte trø i graset

*Du ska itte trø i graset.
Spede spira lyt få stå.
Mållaust liv har og e mening
du lyt sjå og tenkje på.
På Guds jord og i hass hage
er du sjøl et lite strå.*

*Du ska itte røre reiret,
reiret er ei lita seng.
Over tynne bån brer erla
ut sin vare varme veng.
Pipet i den minste strupe
ska bli kvitring over eng.*

*Du ska itte sette snuru
når du ser eit haraspor.
Du ska sjå deg for og akte
alt som flyg og spring og gror.
Du er sjøl en liten vek en,
du treng sjøl en storebror.*

Einar Skjæraasen

PÅSKEKVISS

- 1 Så er det regelen for når på året 1. påskedag kjem. Korleis lyder den?
- 2 Tida før påske kallast fastetida. Når startar den?
- 3 Her kjem fire kjende hendingar frå påskebodskapen. Kva høgtidsdag høyrer til?
 - a) Jesus innstiftar nattverden
 - b) Jesus blir hylla som ein konge
 - c) Jesus døyr
 - d) Jesus står oppatt frå dei døde
- 4 Kva heitte hagen der Jesus bad og læresveinane sovna?
- 5 Kven av læresveinane forrådde Jesus med eit kyss, og kor stort "honorar" fekk han?
- 6 Kven av læresveinane nekta tre gonger for at han kjende Jesus?
- 7 Kva bøn ba Jesus då han vart krossfesta?
- 8 Kva heitte staden der Jesus vart krossfesta?
- 9 Kven var Barabbas?
- 10 Kven sa: "Sanneleg, han var Guds Son" då Jesus døydde?
- 11 Kven fekk fyrst høyre at Jesus var stått opp?
- 12 Kva helsa Jesus læresveinane sine med då han kom til dei etter oppstoda?
- 13 I kva for ei salme finn du denne strofa: "Han gir livet mening og lys hver dag"?
- 14 Eller i denne barnesongen: "Jo, han betalte på Golgata"?
- 15 Kva vitamin finn du ikkje i egg?
- 16 Tek det lengre eller stuttare tid å få egg hardkokte på fjellet?
- 17 Kva land høyrer Påskeøya til?
- 18 Kor lenge har vi hatt Kvikk Lunsj i Norge?
- 19 Kven skreiv musikken til den kjente rockeoperaen "Jesus Christ Superstar"?
- 20 Kva skal dei fem OL-ringane symbolisere?
- 21 Kva farge har den midterste ringen i OL-logoen?
- 22 Kor mange medaljer tok Norge i OL no, og kor mange i kvar valør?



1. Påskedag fell på fyrste søndag etter fyrste fullmåne etter vartjammøgn
2. Askeonsdag, som er onsdag etter fastelaven
3. a) Skjærtorsdag
b) Palmesøndag
c) Langfredag
d) Påskedag
4. Getsemane
5. Judas Iskariot – 30 sølvpenngar
6. Peter
7. "Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer!"
8. Golgata
9. Ein fengsla mordar som vart fritgjeven i staden for Jesus
10. Ein romersk offiser
11. Kvinnene
12. "Fred vere med dykk!"
13. Dine hender er fulle av blomster
14. Hvor er billetten, hvor skal du reise?
15. C-vitamin
16. Lengre tid (Luftfartsket er lågare og gjer at vatnet kokar v/95-97grader)
17. Chile
18. Sidan 1937
19. Andrew Lloyd Webber
20. Ringane representerer dei fem verdensdelane og symboliserar brosrskap, venskap og globalt samhald
21. Svart
22. 41 medaljer - 18 gull, 12 sølv og 11 bronse

Fra South Omo sør i Etiopia – Rent vann har endret livet

Før måtte Tsion og Gaba grave med bare hendene i sanden i en uttørket elv for å finne vann – som var skittent. Men nå har livet endret seg for de to jentene og resten av landsbyen: De har fått tilgang til rent, rennende vann.

*Tekst: Åsne Gullikstad
Foto: Håvard Bjelland*

Tsion (12) og Gaba (13) smiler bredt mens klart vann fosser ut av kranen ved vannposten her ved elveleiet. De fyller 20-literskannene med vann på bare et par minutter. Det går fort, og ikke minst: Vannet er rent. For bare noen måneder siden forandret alt seg for familiene her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia: Gjennom støtte fra Kirkens Nødhjelp har landsbyen fått rent vann.

Ble syke

Før måtte venninnene grave med bare hendene for å finne vann under sanden i den uttørkede elvebunnen. – Det tok lang tid, og vi fikk lite vann, sier Tsion Melkamu.

De måtte grave hull i sanden slik at vannet piplet opp, og deretter vente til vannet var så klart som mulig, før de øste vannet over i kannen. Noen ganger kunne prosedyren ta en og en halv time. Siden det var lite vann og tidkrevende å hente, ble det lite vann per familie.

– Det kom også mange kyr som drakk samme sted. Siden vannet var skittent ble mange ofte syke, forteller hun.

Å hente vann er jentenes og kvinnes oppgave her. Å bruke så lang tid på å hente vann hadde også en annen konsekvens for jentene: De rakk ofte ikke skolen etter å ha hentet vann om morgenen, og mistet verdi-full undervisning.



Tsion (12) kan hente rent og rennende vann hver dag nå, takket være vannposten og demningen som er laget.

– Nå som det tar så lite tid å hente vann, rekker vi skolen hver dag, sier Gaba Roro. Både hun og venninnen har lyst til å utdanne seg til helsearbeidere.

Demning

Kirkens Nødhjelp begynte arbeidet med å skaffe rent vann her i 2025, sammen med den lokale partnerorganisasjonen Action for Development (AFD). Nå får 200 husholdninger med til sammen rundt 1780 innbyggere tilgang til vann i akkurat denne landsbyen. Systemet er enkelt, men effektivt: En demning og en brønn med en vannpost.

– Dette er et innovativt prosjekt for oss. Det er første gang i Kirkens Nødhjelps 52 år lange historie i Etiopia at vi gjør dette, forteller Gedewon Teka ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.

– Som regel kommer det regn i to måneder, så ikke noe mer. Ellers i året er det tørt på overflaten i elveleiet, slik at folk måtte grave etter vann under bakken. Det vannet er ikke rent. Vi lagde en demning slik at når regnet kommer, stanser vannet her, sier han og peker mot demningen.

Demningen holder tilbake vannet som kommer i den korte regntiden, og vannet sprer seg i alle retninger. Noen meter unna er det bygget en brønn som ligger lavere enn elva, og vannet filtreres inn i brønnen gjennom sand og jord. En håndpumpe er montert på vannposten.

– Sand og jord er et perfekt filter. Mikrober fjernes når vannet filtreres gjennom sanden, og vannet blir klart. Dette er rent vann. Og vannet er tilgjengelig hele året her nå, sier Gedewon Teka.

Tørket ut

Rent vann har enorme ringvirkninger for hele samfunnet, forteller Gedewon Teka. Han trekker særlig



Gaba (13) og Tsion (12) rekker skolen hver dag nå som det tar kort tid å hente vann.



Gedewon Teka, programansvarlig for klimatilpasset vann-, sanitær- og hygieneinnsats i Kirkens Nødhjelp Etiopia.



Gaba (13) og Tsion (12) bærer vannet hjem.

frem to ting:

– Når folk får rent vann i landsbyen på denne måten, sparer jenter og kvinner tid. Det gjør også at folk holder seg friskere. Penger de kanskje brukte på medisiner før, kan spares nå. Når de er friske, kan de også jobbe mer og gå mer på skolen, sier han.

Tsion og Gaba har fylt hver sin kanne med vann som de fester på ryggen for å bære hjem.

På veien hjem viser de oss hvordan de hentet vann før, like ovenfor demningen. Nede på den tørre elvebunnen setter de seg på knærne og begynner å grave. De må grave opp mye sand før det til slutt har dannet seg en liten dam som de kan øse av. Like bak dem kommer kyrne for å drikke.

Selv om regntiden akkurat er ferdig og det er grønt og frodig overalt rundt oss, er elveleiet tørt ut her.

– Når det virkelig er tørt, må de grave mer enn to meter, forteller Neway Abayneh i Kirkens Nødhjelps partnerorganisasjon AFD, som har utført prosjektet.

En tredel av Etiopia er såkalt tørt område som dette, forteller Gedewon Teka.

– Det betyr at folk må kjempe hver dag for å få nok vann. Grunnvann og overflatevann er ikke så utbredt her. Sanddemninger er en god løsning for å sikre vanntilgang i disse tørre områdene, sier han.

Vannkomité

Jentene er naboer og bor om lag 15 minutters gange fra vannposten. Hjemme hos Tsion er de sju barn og to voksne.

– Før hentet vi bare en 20-literskanne per dag, fordi det var så lite vann og det tok så lang tid. Nå henter vi seks til sju kanner hver dag til familien. Nå har vi mye mer vann vi kan bruke til å vaske oss, vaske klær, drikke og lage mat med, forteller Tsion.

Hjemme hos Tsion dyrker familien mais, bananer og papaya. De har også noen dyr. Jordbruket og dyrene er det de lever av.

Faren hennes, Melkamu Buku, regner med å kunne dyrke mer nå som de har tilgang til mye mer vann.

Han er også leder av vannkomiteen i landsbyen. Komiteen består av sju personer, og har fått opplæring i vedlikehold og drift. De samler inn en vannavgift på 10 etiopiske birr (70 øre) per måned fra hver husholdning. Pengene settes inn på en konto, og brukes til vedlikehold og reparasjoner.

Holdes i gang

Nå som systemet er etablert, har Kirkens Nødhjelp og partner AFD overlatt driften til vannkomiteen. Forankringen i lokalsamfunnet og hos de lokale myndighetene er svært viktig for Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonene, påpeker Gedewon Teka.

– Når vi starter hvert prosjekt, må det godkjennes skriftlig av myndighetene på regionalt nivå, sier han. Deretter arrangeres arbeidsmøter med regionale og lokale myndigheter og representanter for lokalsamfunnene. Etter det samler Kirkens Nødhjelp og vår partner representanter for lokale myndigheter og lokalsamfunnet og diskuterer hva som trengs av bidrag fra alle parter. I dette tilfellet var det behov for å utvide en sti slik at det kunne kjøre biler inn til demningen, og det sørget lokale myndigheter for.

– Det er viktig at lokalsamfunnet har et eierskap til prosjektet, og det har de hvis de bidrar. Når vi trekker oss ut, holder de det i gang videre. Nå sier folk i lokalsamfunnet her at denne demningen er deres, sier Gedewon Teka.



Tsion (12) sitter ved vannposten som gir landsbyen tilgang til rent og trygt drikkevann.



Ulykkesmarkering i Etnedal 4. februar 2026



Arrangementet starta på Blåflat Gard, der pårørende møttest saman med representantar for nødetatane og arrangørane. Ordførar Linda ynskte velkomen, og det var fleire appellar. Vennelaget serverte varm suppe og -saft før det vart arrangert fakkeltog rundt Bruflat – til kyrkja.

Minnemarkering i Bruflat kyrkje, med høgtidssamlystening og lesing ved representantar for nødetatane, og gode ord ved biskop Ole Kristian Bonden og sokneprest i Vang Ingebjørg Vik Laugaland.

Til slutt opna Etnedal helselag dørene til Bruflat menighetshus, der dei serverte rundstykker og kringle til godt over hundre menneske. Ordførar Linda ynskte velkomen, og leiar i Fylkets trafikksikkerheitsutval (FTU) avrunda ulykkesmark-



eringa med gode ord til pårørende, takk til frivillige som stilte opp på alle arenaer, og til Etnedal kommune som tilrettela arrangementet lokalt.

norske kyrkja og vertskommunen Etnedal som saman arrangerte ulykkesmarkeringa.

Marit prest

Frå Bruflat menighetshus

Det var FTU, i samarbeid med Trygg trafikk, Den

Foto: Bjørn Ivar Vasaasen, Innlandet fylkeskommune og Laila Sveen (frå markeringa i kyrkja.)



«Aldri» av Kolbein Falkeid

*Så lenge
fikk livet aldri trække rundt øyene dine
at det laget seg stier der.*

*Aldri streket vinden opp linjer
når den øvet seg i skjønnskrift på pannen din.*

*Håret hang høyt og langt,
en blank stjernennatt. Aldri
skjerpet alderen sølv.*

*Oss skyver årene videre, jager på.
Du hviler
på eviggrønn ungdom
i veikanten og bortenfor
verdensrommet.*

Mye liv hos Kulturbeitet



Søstrene Siri og Pernille Ødegård har mange jern i ilden

- Vi skal prøve å ruge ut noen skikkelig fine påskylinger som barna kan kose med, sier Siri Ødegård, da kommer påskestemningen. Oppe i Byfellivegen har de begynt å forberede seg til påsken. På langfredag skal søstrene Pernille og Siri ha åpen gård, med flere påskeaktiviteter. – Vi har geiter, som liker veldig godt å bli kost med, påskekonkurranser, mat, også påskekyllingene da. Og gårdsbutikken kommer til å være åpen med mange spennende varer, sier Siri.

Siri og Pernille driver Kulturbeitet, og du har kanskje besøkt dem på gården eller sett dem på marked. På gården har Siri Tyrolerfe som brukes til kjøttproduksjon, mohairgeiter gir deilig ull til strikkegarn og mange uskikkelige høner som legger eggene sine rundt omkring på gården, gjerne der de er ekstra vanskelige å finne. – En påfugl har vi også, sier Siri, han går rundt på gården og gir mye lyd fra seg og fjonger seg med stjerten sin. Gårdsbutikken ligger i kjelleren i huset og der selges kjøtt, egg, garn og

mange fine håndarbeidsprodukter. Butikken er åpen hele tiden, man tar det man skal ha og vipser summen man kjøper for.

Åpen dag Langfredag og Urbanusdag 30. mai
Det blir en travel vår og sommer for folk og dyr hos Siri og Pernille i Kulturbeitet. Det starter med langfredag der alle er velkomne på åpen gård. Og så kommer Urbanusdagen, 30. mai, der de har marked med mange utstillere. Dyra er også med, det skal være gøy for både voksne og barn. Urbanusdagen har blitt en tradisjon i Øygarden. Før i tida markerte primstaven Urbanusdagen som den dagen frøene skulle i jorda. Hos Kulturbeitet betyr det liv og røre og gode møter mellom mennesker.

Pleddfestival 27. juni

Til slutt kommer Pleddfestivalen 27. juni. I år arrangeres Pleddfestivalen for sjette år på rad og vi begynner å få en god drill på holde konsert. Pleddfestivalen



Godlynte dyr, tyrolerfe, mohairgeiter, høner og påfugl ... Spennende miljø på Kulturbeitet

